



Anders Christensen skal dirigera blant anna Uskedalen Skulemusikk denne sesongen (foto: Thor Inge Døssland)

**Førebuingane til korpsesongen er i siste fase, og tirsdag i neste veke har skulemusikken den første øvinga for sesongen. Ekstra spente er nok musikantane då det vert første møtet med den nye dirigenten. Han heiter Anders Christensen og er nyttilsett i kulturskulen.**

Det er ein erfaren korpsmann og musikar som overtar taktstokken i skulemusikken. Fødd på Notodden for 45 år sidan, men flytta tidleg til Svelvik ved Drammen der han budde heile oppveksten. Etter grunnskule og vidaregåande skule gjekk turen til Toneheim folkehøgskole ved Hamar – ein populær stoppestad for dei som er meir enn normalt interesserte og begava innan musikk. Etter dette vart det utdanning ved Oslo Musikkonservatorium frå 1988-1992. Hovudinstrumentet hans er trompet.

Anders har etter dette samla seg mykje erfaring som heilt sikkert vil koma elevane han skal ha, til gode. Han har lang og breid erfaring både som utøvande musikar og som dirigent.

Etter avslutta utdanning var han først tilsett i musikkskulen i Bærum før turen gjekk nordover. Frå 1996 til no har han vore i Lenvik kulturskule, mellom Harstad og Tromsø. I tillegg til undervisninga har han heile tida jobba som freelansmusikar.

- Etter vel ti gode år nordaførr, merka eg lengten mot sør. Eg gjorde alvor av å flytta sørover, og såleis kom eg hit, fortel Anders som gler seg både til jobben med skulekorpset, og til dei andre oppgåvene han skal ta fatt på i kulturskulen.

I tillegg til å dirigera skulemusikken her i Uskedalen skal han dirigera både Rosendal skulekorps og Høylandsbygd musikkorps. Dessutan skal han ha aspirantane i Rosendal og ha grunnkurs og pianoundervisning på Halsnøy.

- Dette vert både krevjande og spennande; det krev mykje spesielt no i startfasen. Men når eg kjem godt i gang, håpar eg å få litt tid og mulighet slik eg framleis kan driva litt som freelansmusikar. Eg gler meg! avsluttar Christensen som understrekar at han ser fram til å koma skikkeleg i gjenge.

Det er å håpa at han finn seg godt til rette i Kvinnherad, og at han slår seg til ro minst like lenge her som han gjorde i Nord-Norge.

Vi ønskjer han lukke til med det viktige arbeidet!

Av Thor Inge Døssland.